



Lindås ungdomsskule
5955 LINDÅS
Tlf. 56375054
lindas.ungdomsskule
@lindas.kommune.no

REFERATFRÅ MØTE I FAU.

Tidspunkt: Onsdag 14.september 2016 klokka **19.00.**

Desse møtte:

8a ved Bjørn Tore Storheim, 8b ved Solveig Holsen, 9a ved Torill Vågenes, 9b ved Anne Irene Nygård,

Sakliste:

Sak 1 – 16/17 Konstituering av nytt FAU

- Val av leiar: Anne Irene Nygård
- Val av nestleiar: Torill Vågenes
- Val av skrivar: Kjetil Hansen Melvær
- Val av kasserar: Solveig Holsen
- Val av representantar til SU (samarbeidsutvalet) og SMU (skulemiljøutval): Anne Irene Nygård og Torill Vågenes

Sak 2 – 16/17 Setje opp møteplan for hausten:
Det blir møte i samla FAU: 16.november, 04.januar, 22.mars og 07.juni.
Alle møtedagar er onsdag, og tidspunkt for møta er klokka 19.00
Første møte i SMU/SU, blir onsdag 26 oktober klokka 18:00- 20:00

Sak 3 – 16/17 Skriv og meldingar og Info frå skulen: Orientering om oppgåver FAU har.

- 8.klasse har som fast oppgåve å lage til kafe i Lindåshallen på 17.mai.
- 9.klasse har som fast oppgåve å ordne med mat, servere og rydde i Haugatun i samband med avslutningsfesten til 10.klasse. Festen er torsdag 21.06
- 10.klasse har tidlegare hatt arrangement for 10.klasse på 16.mai. Dette må vi kome tilbake til, men det er viktig at dette i så fall blir lufta tidleg for elevane.
- Andre oppgåver: Liten «kafe» på foreldrekveld i 8.klasse og 10.klasse. Skaffe foreldrevakter til skuleball 02.februar. 4 vakter frå kvar klasse (fordelt på to vakter)
- Farsdagslotteri, eit samarbeidsprosjekt:
 - Berit skaffar loddbøker som ho leverer til Henriette. Henriette tel opp og levere til klassekontaktane som klistrar på merkelappar og ordnar med lister. Berit

leverer kvittering til Solveig og får pengar i retur frå henne.

- Torill tingar kaker hos Rognaldsen
- Elevane får bøkene utlevert måndag 17.oktober, ansvar for dette har Henriette
- Elevane leverer inn bøkene seinast fredag 04.11
- Henriette sender listene til respektive klassekontaktar, slik at dei kan purre på bøker som ikkje er levert.
- Trekking onsdag 09.november klokka 19:00. Desse er med på trekkinga: Solveig, Trine, Anne Irene og Torill
- Utlevering på Rema 1000 laurdag 12.november klokka 12:00- 13:00 av Anne Irene og Torill.
-

Sak 4 – 16/17 Ymse: Det er eit problem i Lindåsbygda i samband med å arrangere 17.mai. Ser ut til at dette no er blitt dei to skulane sitt ansvar. Det er viktig at vi tar dette opp som eiga sak på førstkommande FAU- møte, 16.november. Vi må ha god kommunikasjon med FAU på barneskulen, slik at vi får stabla på beina ein hovudkomite, og at vi lagar gode planar, oversikter og malar som er greie å følgje både til førstkommande 17.mai og kommand år.

Referent

Henriette Rolland, som seier seg svært nøgd med godt val og gode innspel! Trur dette kan bli eit svært bra FAU-år.